

FØRESEGNER TIL BEBYGGELSESPLAN FOR HYTTEFELT PÅ DEL AV  
TORVEBEITET, GNR. 148, BNR. 4 VINJE KOMMUNE, TELEMARKE (Plan  
vedteken 15.8.01, sak 84/01 i Planutvalet)

1. Kvar hytte skal vera maksimalt 100 m<sup>2</sup> bygd areal, BYA.
2. Hytta skal ha saltak med gesimshøgde på maksimalt 3 meter, og mønehøgde på maksimalt 6 meter, målt frå topp grunnmur.
3. Til kvar hytte kan det førast opp 1 frittstående bod/uthus på inntil 10 m<sup>2</sup>, plassera i tilknytning til hytta.
4. Bod/uthus skal ha saltak med gesimshøgde på maksimalt 2,5 meter, og mønehøgde på maksimalt 5 meter, målt frå topp grunnmur. Den skal byggast utan isolasjon og innvendig kledning, og vindaugo i avgrensa omfang.
5. Bygningane skal ha ståande kledning, taktekking med torv eller mørke bord.
6. Møsvatn er drikkevasskjelde til hyttene.
7. Hyttene skal ikkje ha innlagt vatn, og det skal ikkje gravast vassledningar fram til hyttene.
8. Kvar hytte skal ha eige biologisk klosett av godkjend type.
9. Renovasjonen ordnast ved å nytte kontainer på Varland, der ein har parkering.